

---

Saksnr: 2020/45563-4  
Saksbehandlar Erlend Hofstad  
Dato: 23.09.2020

---

---

**Til:** Sekretariatet for kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Statusrapport 2 - oppfølging forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga

Fylkesrådmannen viser til forvaltningsrevisjonen av kulturminneforvaltninga i Hordaland fylkeskommune, som vart gjennomført av Deloitte AS i perioden mars 2018 til februar 2019. Basert på funn og tilrådingar i rapporten, bad Fylkestinget på møte i juni 2019 fylkesrådmannen syte for å laga ein prioritert handlingsplan som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som har ansvar for iverksettinga. Handlingsplanen vart handsama av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 25. november 2019. Ein statusrapport vart lagt fram for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 21. april 2020. Utvalet vedtok følgjande:

- 1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at det sidan sist rapportering er starta opp fleire positive forbettringsprosessar i den nye fylkeskommunen når det gjeld kulturminneforvaltning.*
- 2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av punkta 1, 2, 3b, 5, 6 og 7 til møtet i utvalet i oktober 2020 med frist for levering til sekretariatet innan 28.09.2020.*
- 3. Av tilbakemeldinga må det gå fram dato på kvart punkt for når tiltaka skal setjast i verk slik det går fram av punkt 10 i vedtaket frå fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 30.06.2019.*

Som oppfølging av vedtakspunkt 2 og 3 legg fylkesrådmannen fram følgjande statusrapport:

### *1. Utarbeide samla oversikt over nasjonale og regionale mål i kulturminneforvaltninga med tilhøyrande tiltak*

Tiltak: Det vert laga ei samla oversikt over mål og tiltak i kulturminneforvaltninga, der det vert tydeleggjort korleis mål og tiltak i den regionale kulturplanen med handlingsprogram relaterer seg til dei nasjonale måla, og korleis nasjonale mål innan feltet skal følgjast opp i ein regional kontekst. Dette vert gjort som del av arbeidet med nytt handlingsprogram 2021 for dei regionale kulturplanane.

Ansvarleg: David Aasen Sandved

Status 28. september 2020:

Stortingsmeldinga «[Nye mål i kulturmiljøpolitikken - Engasjement, bærekraft og mangfold](#)» vart 16. juni 2020 samrøystes vedteke av Stortinget. Dei nye nasjonale måla er:

1. Eit mangfald av kulturminne, kulturmiljø og landskap skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.
2. Kulturminne, kulturmiljø og landskap skal gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging medverke til berekraftig utvikling.
3. Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap.

Kulturplanane for Hordaland og Sogn og Fjordane vert gjeldande fram til ny kulturplan vert utarbeida og vedteken i noverande planstrategiperiode. Tiltaket vert vurdert som gjennomført når sak om handlingsprogram for 2021 vert handsama i Fylkestinget i desember 2020.

Frist for iverksetjing: Desember 2020.

*2. Vidareutvikle rapporteringa for å sikre betre styringsinformasjon i kulturminneforvaltninga*

Tiltak: Den årvisse politiske saka om prioriteringar for kulturminneforvaltninga vil innehalde ein eigen del, der det eksplisitt og meir utførleg vert rapportert for oppnådde resultat og nøkkeltal for siste år, i høve til mål, tiltak og prioriteringar på kulturminnefeltet.

Ansvarleg: David Aasen Sandved

Status 28. september 2020:

Avdeling for kultur, idrett og integrering har valt ikkje å gå vidare med eit hovudprosjekt for statistikk og rapportering i kultur- og idrettsfeltet i Vestland fylke etter tilbod frå analyseselskapet Oxford Research. Ressursane skal nyttast til styrking av intern kapasitet og kompetanse på seksjon for integrering, strategi og analyse. Seksjonen vil vidareutvikle eit overordna system for heile avdelinga som skal sikre betre styringsinformasjon. I samband med regionreforma har Riksantikvaren i samarbeid med fylkeskommunane no tatt i bruk [Digisak](#) som styrkar rapporteringa og sikrar betre styringsinformasjon i kulturminneforvaltninga.

Frist for iverksetjing: Tiltaket vert vurdert som gjennomført.

*3. Gjennomføre risikovurderingar knytt til det å ivareta fylkeskommunen sitt ansvar i kulturminneforvaltninga*

Tiltak b: Det vert gjennomført ein ROS-analyse etter HFKs mal, med hovudvekt på dei lovpålagte forvaltningsoppgåvene på kulturminnefeltet

Ansvarleg: Fagleiarane (kvar for si faggruppe)

Status 28. september 2020:

Det er gjennomført ROS-analysar for to av tre fageiningar: Feltarkeologi og Museum, fartøy- og bygningsvern (for sistnemnde delt opp i analysar for tilskotsforvaltning, sakshandsaming etter kulturminnelova, og tryggleik ved synfaringar). For Arealplaneininga er arbeidet med ROS-analysar sett i gang, men ikkje fullført.

Frist for iverksetjing: 1. november 2020

*5. Etablere eit overordna rutinedokument som gir oversikt over gjeldande retningslinjer, rutinar og malar knytt til dei ulike oppgåvene Fylkeskonservatoren har ansvar for*

Tiltak: Det er utarbeidd eit samla dokument med oversikt over arbeidsoppgåver og tilhøyrande retningslinjer, rutinar og malar.

Ansvarleg: Jostein Aksdal

Status 28. september 2020:

Det er laga nye rutinar og malar i faggruppene, jf. tiltak 6a og b. Oppgåveoverføringa frå Riksantikvaren har gitt seksjonen mange nye oppgåver. Fleire av dei (forvaltning av ei rekkje tilskotsordningar) er under overføring hausten 2020. Samstundes byrjar fylkeskommunen å ta i bruk sakshandsamingsverktøyet Digisak, som òg vil påverke korleis mange oppgåver vert løyst. Eit delegeringsreglement for avdelinga føreligg enno ikkje. Difor er eit samla rutinedokument som femnar alle seksjonens oppgåver, enno ikkje ferdigstilt. Når desse tilhøva er avklara, vert eit overordna, revidert rutinedokument ferdigstilt og lagt inn i kvalitetsportalen.

Frist for iverksetjing: 1. februar 2021

*6. Sikre at alle rutinar er oppdaterte og elles drøfte med dei tilsette kva rutinar og malar som hadde vore hensiktsmessig å ha*

Tiltak a: Eksisterande og nye rutinar og malar vert drøfta i kvar av dei nye faggruppene.

Ansvarleg: Fagleiarane (kvar for si faggruppe)

Status 28. september 2020:

I kvar faggruppe er det drøfta kva rutinar og malar ein treng, og kva innhaldet i dei skal vere. Alle medarbeidarane har medverka i oppdatering av eksisterande og utarbeidinga av nye VLFK-malar/rutinar, kvar for sine felt. Rutinedokument og malar vert lagra i felles mappestruktur i Teams.

Rutinar og malar for ei lang rekkje arbeidsoppgåver er utarbeidd eller oppdatert. For Museum, fartøy- og bygningsvern gjeld dette m.a. kvar einskild tilskotsordning, for dispensasjonsvedtak og for nye fredingssaker; for Arealplan gjeld dette fråsegn om kulturarv til kommunal planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel, samhandling og koordinering med seksjon for inkludering, strategi og analyse, dispensasjon utan vilkår kml § 8.1 og dispensasjon med vilkår kml § 8.4, handsaming av tilskot til verna kulturminne; for Feltarkeologi gjeld dette rapportmal, feltrettleiar, dronerettleiar, HMS-rettleiar, rettleiar for feltarbeid og smittevern (Korona).

Det er arbeidd mykje med rutinedokument, men ein god del står òg att. Rutinar og malar er levande dokument som vert oppdaterte etter kvart som endringar i overordna nasjonale eller fylkeskommunale reglar/rutinar melder seg eller nye behov kjem til i VLFK. I Arealplaneininga vert det jobba med rutinar for sakshandsaming med plan, klima og folkehelse, og med INV, rutinar med dokumentseieret, sakshandsaming knytt til administrativ motsegn, og i Feltarkeologieininga med rettleiarar for bruk av kartprogramvare og innmålingsutstyr. Fageiningane Arealplan og Museum, fartøy- og bygningsvern skal no i gong med retningslinjer og rutinar for ei rekkje tilskotsordningar som vert overført frå Riksantikvaren hausten 2020.

Frist for iverksetjing: Tiltaket reknast som utført kva gjeld oppdatering av tidlegare rutinar. For rutinar knytt til nye oppgåver: 1. februar 2021.

Tiltak b: Rutinedokumentet vert rullert kort etter fylkessamanslåinga, for å samkøyra rutineane i HFK og SFFK, få inn rutinar knytt til nye oppgåver, og klargjere rolle- og oppgåvefordeling etter samanslåinga.

Ansvarleg: Fagleiarane (kvar for si faggruppe)

Status 28. september 2020:

Tiltaket fell for ein stor del saman med tiltak 5 og 6a. Rutineane i dei to tidlegare fylkeskommunane er samkøyrt, i form av reviderte eller nye rutinedokument for dei einskilde oppgåvene. Som det er gjort greie for under tiltak 5, er det samla rutinedokumentet ikkje oppdatert enno.

Frist for iverksetjing: 1. februar 2021

#### *7. Etablere tydelegare kriterium for tildeling av tilskot til musea*

Tiltak: Retningslinene for tilskotsordninga vert revidert, med tydelegare kriterium for tildelinga.

Ansvarleg: Eva Moberg

Status 28. september 2020:

Reviderte retningslinjer for Museumsloft med tydelegare kriterium for tildelinga er sendt til politisk handsaming, men saka vart ikkje handsama av Hovudutval for kultur, idrett og integrering sitt møte 16.09.2020, då saksmengda gjorde at utvalsleiar utsette saka til neste møte, 15.10.2020.

Frist for iverksetjing: Tiltaket er gjennomført.